

**From:** Knut Medhus <knut@medhus.info>  
**Sent:** 4. januar 2017 21:19  
**To:** NVE  
**Subject:** HOLSREGULERINGEN .- REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR  
**Attachments:** kleppestølen bru.jpg

Vi viser til høringsdokument og beklager sterkt at vi ikkje har følgd godt nok med i timen her. Vi tillet oss på tross av dette å reise nokre spørsmål som vi ut frå historielagets interesser ser på som så viktig at vi håper dei kan takast med i vidare vurderingar til tross for at me er for seint ute i forhold til gitt frist.

1. Oppattbygging av Kleppestølbrua over Urunda. Kort fortalt så vart denne brua riven av dåverande Oslo lysverker utan at nokon hadde gitt løyve til det, i følge grunneigarar i området. Brua var svært gammal og spesiell i sin konstruksjon og eit flott landemerke. Det kan dokumenterast med foto. Noverande grunneigar har tidlegare teke kontakt med E-CO med krav om oppattbygging av brua utan at det har kome nokon tilbakemelding på det spørsmålet. Kulturuminner sto vel ikkje serleg høgt i kurs på den tida Holsutbygginga sto på, men ved ein revisjon no så vil vi tru at verdien av slikt er av ein heilt annan karakter. Vi ber derfor om at det blir vurdert nøye om det kan gjevast pålegg om å bygge oppatt denne brua slik den eingong var og at det blir eit krav i konsesjonen. Bilde av brua er vedlagt.

2. Strandavatn – kulturminner: Hol historielag i samarbeid med Buskerud fylke har hatt fleire ekspedisjonar langs stranda av Strandavatn. Det er også gjennomført eit stort prosjekt Far etter folk i området. Det viser seg at stranda på heimsida av Strandavatn har svært mange kulturminner som går langt tilbake. Her har vore busetnad i mykje over tusen år. Då den var regulert, vart det ikkje foreteke ei einast utgraving eller undersøking av området, det låg liksom ikkje i tida. Etter vårt syn er det no utrøeg viktig å få sikra attverande kulturminner ved å foreta systematiske undersøkingar når vasstanden er låg om våren/tidleg sommar. Me har vore i kontakt med Buskerud fylkeskommune og fått forståing av at dei er villige til å vera med på spleislag for å få dette til og HOI historielag vil også stille opp. For historielaget er dette ei uhyre viktig sak, og me ber instendig om at det blir lagt vekt på i den vidare saksbehandlinga.

Skulle de ha behov for meir dokumentasjon, så ta kontakt så skal me få sendt det over så raskt som råd.

ME beklager enno eingong at me kjem etter fristen, men som det heiter: Bedre seint enn aldri!  
HElsing  
Hol historielag  
Knut Medhus  
leiar  
telefon 48150055